

## 2- åringen

### KROPP OG UTFORSKING

- Barn liker ofte å vera nakne og utforska kroppen sin.
- Kroppskontakt er viktig for at barnet ditt skal bli glad i eigen kropp.
- Barnet utforskar seg sjølv med hendene, og kan nokre gonger kosa seg ved å ta på kjønnsorganet sitt. Barnet kan òg gni seg inn til møblar med kjønnsorganet fordi det likar det. Dette er heilt normalt.
- Lær barnet ord om heile kroppen, og kjønnsorganet.
- Respekter barnet ditt og ikkje press det til å gi klemmar eller kyss til andre enn det har lyst til sjølv.
- Bruk naturlege situasjonar for å forklara og snakka om kroppen med barnet ditt.

